ALVER
KOMMUNE

Schila Amigh Brattaule
Sandvikslien 26
5037 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 20.10.2021 |
| Vår: 20/7119 - 21/69462 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Ber om tilbakemelding på utført/igangsett forhold på eigedommen din - gbnr 467/13 Namtvedt

**Tiltak:** ulovleg bygg i strandsona
**Byggjestad:** Gbnr 467/13 467/13
**Tiltakshavar:** Schila Amigh Brattaule
**Ansvarleg søkjar:**

**Saka gjeld**
Kommunen er kjent med at det på din eigedom er gjort tiltak tilknytta hytte og naust på eigedommen. Vi har tidlegare hatt korrespondanse i saka som då vart avslutta på bakgrunn av opplysningane vi hadde fått.

Vi har no fått nye opplysninger i saka som tyder på at det er utført søknadspliktige tiltak på eigedommen utan at det ligg føre søknad om tillatelse til dette.



1. Utvida kai og flytebrygge
   Det er oppført flytebrygge i tilknytning til naustet. Dette er eit søknadspliktig tiltak.
2. Jordvoll
   Det skal være oppført jordvoll mot fylkesvegen som kan være til hinder for siktsone for eksisterande avkøyrsler. Tiltaket kan være søknadspliktig.
3. Levegg
   Det er oppført levegg på eigedommen. Tiltaket kan være søknadspliktig.

**Flytebrygge og kai**
Oppføring av flytebrygge er søknadspliktig. Dersom kai er utvida i forhold til løyve som er gitt vil også dette være søknadspliktig. Du må snarast mogleg tilbakeføre tiltaket eller sette i gang ein prosess med å legalisere tiltaket.

**Arbeidet kan vere søknadspliktig**
Vi gjer merksam på at tiltak 2 og 3 kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forhalda. Du må sende inn bilder av tiltaka. Du må også sende inn mål som viser avstand frå tiltaka til veg og nabogrense i tillegg til opplysningar om høgde og lengde på tiltaka. Du må også sende informasjon som viser at siktsoner frå eksisterande avkøyrsler er ivareteke.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i første omgang om utgreiing av tilfella.

**Kva må utgreiinga innehalde?**
Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 15.11.21**

**Anvendt regelverk**
Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7119

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen<br>Avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Schila Amigh Brattaule | Sandvikslien 26 | 5037 | BERGEN |